

[Nytt tap for Bergenslag](#)

25.04.2009

**Rosendal, som også har Uskedal-spelarar på laget, tapte også i den andre kampen mot eit Bergenslag. Årstad vann 5-2 på heimebane laurdag. I sesongpremiera vart det tap for Handelshøgskulens idrettslag. Neste kamp blir også mot eit Bergenslag - Laksevåg 2. mai.**

Det starta bra for Kvinnherad-laget og det leia med både 1-0 og 2-1 etter scoringar av Vegard Ludvigsen og Anders Nilsen. Ved pause var stillinga 2-2 men i andre omgang rakna det for Rosendal. Bergensarane fekk to cornermål fordi markeringa svikta hos gjestane.